

Referat frå styremøte i Mental Helse Kvam onsdag 18. november 2020 kl. 18

i Strandebarm

Deltakarar: Britt Helle, Karen Elise Berge, Jan Tore Gjerde, Marianne Gjerde, Gunnar Helle (observatør), Vidar Eik

Kafé påfyll: Vi har fått ei ny førespurnad om å delta med tema og møte på kafé påfyll i desember. Dato er 14. desember kl. 11 i gamleskulen på Norheim i Norheimsund. Vi stiller med Gunnar, Karen Elise og Vidar. Tema er: «glede». Vi har tema og snakkar rundt dette, men stiller ikkje med maten. Vi søker om støtte til reklameartiklar og utlegg for denne gangen vi møter på Kafé påfyll.

Framover tenkjer styret at dette med deltaking på Kafé påfyll ikkje må bli eit press eller ei plikt til å stille. Vi kan vera med og delta, men etter at ROP i kommunane og frivillige har hatt møte der dei har sett opp tema og datoar. Vi kan kome med forslag til tema og datoar som vi kan delta på etter denne lista er laga. Når vi deltar bør vi dele ut brosjyrar og kome med informasjon om laget på kvar deltaking på Kafé påfyll.

Vi vurderer å kjøpe inn T-skjorter eller jakker med Mental Helse logo som vi har på oss når vi deltar. Dette for å reklamere for Mental Helse og lokallaget.

Økonomi: Skal vi opprette VIPPS for laget? VIPPS for Mental Helse Kvam kan vera lurt for å lettare hente inn betaling på turar og julebord med meir. Det blir trukke 1,75% av summen som blir Vippsa kvar gang som gebyr til VIPPS AS. Vi avtalte å gå igang med VIPPS og ordne dette på helst eigen konto for Mental Helse Kvam.

Karen Elise har skrive ut kontoutskrifter for kontoen ho har disponert for Mental Helse og Jan Tore har fått desse.

Jan Tore ser over fristar for ulike søknadar som kan sendast inn i løpet av året og skriv dette opp i liste/års-hjul til framtidig søkning.

Revisor for i år er Hans Erik Børshem.

Likemannstilskot: Vi kan få støtte for aktivitet i Mental Helse regi med 5 eller fleire deltagande medlem. Dette blir søkt etter når arrangementet har vore arrangert og støttesummen får vi året etter.

Små glimt frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre og om landsmøtet til Mental Helse: Vidar refererte frå RMNFE og tok litt om landsmøtet til Mental Helse som skulle vera i helga.

Nettsidene mentalhelse.no: Vi bør betre vise Mental Helse Kvam på nettsidene til mental helse.

Vi har eit eige område for vårt lokallag under fylkeslaget.

Vi vart einige om at vi tar ei gjennomgang i januar/februar på nettsidene og andre «data»-ting. Vi kan samlast før eller etter eit styremøte og så viser Vidar litt og vi finn ut i fellesskap.

Julebord på Holmsund 2020: Mental Helse Kvam gir 1000kr i støtte som skal gå til julebord for deltakarar på Holmsund i 2020.

Støttemidlar som skulle gå til sumartur 2020: Vi fekk støtte til sumarturen vår i 2020 som skulle gå til Rosendal. Dette blei ingenting av på grunn av Covid-19 situasjonen. Men desse midlane blir øyremerka til neste tur som vi håpar kan arrangerast sumaren 2021. Midlane vi fekk inn var med tanke på tur, så vi skal bruke dei til neste tur.

Møte med Voss DPS Bjørkeli og MH Voss: Marianne refererte frå møtet med Mental Helse Voss og Voss DPS Bjørkeli. Målet er samarbeid med DPS.

Jan Tore sender opp brosjyrar til Voss DPS som kan delast ut til pasientar ved DPS for å informere om Mental Helse som organisasjon og Mental Helse Kvam som lokallag. For eksempel med klistrelapp med kvam@mentalhelse.no eller noko anna kontakt info til lokallaget.

Julepresangar: Vi har bestemt å køyre rundt med julepakkar til våre medlem.

Innhald er ei pappeske/pose med julekort, sjokolade, kaffi, brosjyre om mental helse, snop med meir. Summen for kvar pakke vert sett til 100,- til 120,-

Vi lagar til 24 betalande medlem.

Dette gjer vi på juleverkstad i Strandebarm hos Britt og Gunnar den 10. desember kl. 1700. Så køyrer vi rundt med pakkene etter dette/ i helga.

Vidar lagar julekort med dikt og fine figurar i A5 format som kan leggast i posane/pakkane.

Norheimsund 23. nov 2020

Vidar Eik - Referent

